

**Fra:** Knut Arne Vadøy [Knut.Arne.Vadoy@bremanger.kommune.no]  
**Sendt:** 31. oktober 2014 10:46  
**Til:** Postmottak KUD  
**Emne:** Høyringsuttale  
**Vedlegg:** Høyringsuttale\_ Staten og Dnk.docx; Høringssvar.; Skille stat og kirke

**Oppfølgingsflagg:** Følg opp  
**Status for flagg:** Flagget

**Kategorier:** Purpur kategori

Sender vedlagt Høyringsuttale frå Bremanger kyrkjeleg fellesråd, vedteken 30.10.2014, sak 27/2014.

Sokneråda i Frøya, Bremanger og Berle stiller seg og bak høyringsuttalen får Bremanger kyrkjeleg fellesråd.

Det er lagt ved e-post frå Berle og Frøya som bekrefter dette. Bekrefting frå Bremanger sokneråd vert ettersendt.

Mvh  
Knut Arne Vadøy  
-kyrkjeverje-

## Lerø Inger Lise

---

**Fra:** Fridleif Lydersen [Fridleif.Lydersen@bremanger.kommune.no]  
**Sendt:** 31. oktober 2014 07:53  
**Til:** Knut Arne Vadøy  
**Emne:** Høringssvar.

Berle sokneråd stiller seg bak høringsuttalelsen fra Bremanger kyrkjelege fellesråd i saken om Staten og Den norske kyrkja.

Mvh.

På vegne av Berle sokneråd

Fridleif Lydersen.

## Høyringsuttale frå Bremanger kyrkjeleg fellesråd om Staten og Den norske kyrkja – eit tydeleg skilje.

Høyringsuttalen er vedteken i møte 30.10.2014, sak 27/2014.

Departementet har sendt ut Høyringsnotat av 2. september 2014 med framlegg til endringar i kyrkjelova. Høyringsnotatet om **Staten og Den norske kyrkja**, føl opp tidlegare politiske vedtak og Kyrkjemøtevedtak om eit tydeleg skilje mellom stat og kyrkje. Høyringsnotatet understrekar at folkekyrkja ikkje skal svekkast ved eit tydeleg skilje, men at det er den same kyrkja som skal vidareførast og vere ei folkekyrkje for alle.

### Det nasjonale rettssubjekt

Bremanger kyrkjeleg fellesråd er samde i at Den norske kyrkja, den delen av kyrkja som no vert skilt ut frå staten, vert eit eige nasjonalt rettssubjekt med sjølvstendig rettsleg handleevne. Det er og naturleg, som departementet foreslår, at det er Kyrkjemøtet som opptre på vegne av det nye rettssubjektet, med Kyrkjerådet som det utøvande organet for rettssubjektet. I denne samanhengen kan det vere viktig, slik KA kommenterer i si høyringsuttale, kva namn dette nye rettssubjektet skal ha. Dersom ein brukar Den norske kyrkja som namn på det nye rettssubjektet får det ei dobbeltyding, som kan vere uheldig.

### Soknet, oppgåver og ansvar

Det er òg viktig for oss å understreke det høyringsnotatet seier om at sokna framleis skal vere grunneininga i Den norske kyrkja som sjølvstendige rettssubjekt. Med andre ord: Sokna sine oppgåver og sokna sitt ansvar og rettslege sjølvstende må ikkje verte svekka på kostnad av eit nasjonalt rettssubjekt. Vi vil understreke at vi ikkje ynskjer ei topptung kyrkje. Det er på grunnplanet, i møte med folket, det er der det skjer. Kyrkja skal vere nær!

### Soknet sine rettar

Fellesrådet støttar at det vert teke inn i Kyrkjelovas §2 at *«Hvert sokn skal være betjent av prest,..»* Då får ein slått fast at Den norske kyrkja skal vere ei landsdekkande kyrkje med presteneste over heile landet, òg i dei grisgrendte stroka! Det må understrekast at det skal haldast gudstenester i kvart sokn, kyrkjemedlemmer skal ha tilgang til kyrkjelege handlingar, sjelesorg og trusopplæring slik at §1, lovas formål kan oppfyllest: *«Formålet med loven er å legge forholdene til rette for et aktivt engasjement og en stadig fornyelse i den evangelisk-lutherske folkekirke i Norge.»*

I § 2 bør det og kome inn at soknet sine organ har rett til medverknad ved tilsetting av prest i eige sokn.

### Overføring av arbeidsgjevaransvar

Bremanger kyrkjeleg fellesråd støttar at staten sitt arbeidsgjevaransvar for kyrkjelege tilsette (biskopar, prestane, prestar, tilsette ved Kyrkjerådet og bispedømeråd) vert overført til Den norske kyrkja, og at Den norske kyrkja vert ført inn under den alminnelege arbeidsrettslege lovgjevinga. Vi støttar og framlegget om at Kyrkjemøtet skal kunne gje mynde til ein arbeidsgjevarorganisasjon til å opptre på sine vegne.

Høyringsnotatet/lovendringane legg ikkje opp til å oppfylle Kyrkjemøtet sitt ynskje om ei felles arbeidsgjevarline for alle kyrkjeleg tilsette. Konsekvensen av desse lovendringane vil

vere at det framleis er to arbeidsgjevarar: Den norske kyrkja (som eige rettssubjekt) og det einskilde sokneråd/fellesråd (med soknet som eige rettssubjekt). Høyringsnotatet gir tvert i mot liten grunn til optimisme for det som skal skje på dette området i neste omgang.

### **Klageorgan**

Departementet har foreslått at disiplinærvedtak skal kunne klagast inn for ei uavhengig klagenemnd. Bremanger kyrkjeleg fellesråd er ueinig i forslaget og meiner at disiplinærvedtak må gjerast av ansvarleg arbeidsgjevar, slik situasjonen er for tilsette av soknet/fellesrådet og som også gjeld bl.a. i kommunar og fylkeskommunar.

Det er vanskeleg å finne grunngeving for at det skal finnast ein særleg klageadgang for denne type avgjerd for deler av Den norske kyrkja. Det er direkte uheldig med ulike system for ulike stillingar og tilsette i kyrkja.

### **Prostiråd og Bispedømeråd**

I dagens lovtekst, i § 22, er det opna for at det kan opprettast eit prostiråd for handsaming av saker som er felles for prostiet. I framlegget til ny lovtekst vert prostirådet heilt fjerna. Etter dagens ordning kan nok dette vere greitt, men dersom ein ser framover og veit kva kyrkjemøtet har sagt om ei felles arbeidsgjevarline i kyrkja, er dette eit dårleg signal. Der har nettopp prostirådet vore nemnd å kunne vere det organet, og som kan vere av ein slik storleik, at det kan handtere eit slikt felles arbeidsgjevaransvar for tilsette. Det er difor uheldig at prostirådet vert fjerne heilt i den nye lovteksten.

Bremanger kyrkjeleg fellesråd ønskjer eit forvaltningsnivå som ligg nærare sokna enn dagens bispedømeråd. Dette forvaltningsnivået bør vere på storleik med dagens prosti, og skal ha arbeidsgjevaransvar for **alle tilsette** i kyrkja lokalt.

Høyringsnotatet legg tilsynelatande opp til ei styrking av bispedømeråda, m.a. gjennom at det vert opna for at oppgåver kan delegerast frå sokna eller fellesråda og oppover til bispedømeråda. Deler av departementet si grunngeving for å behalde bispedømeråda som lovfesta organ er og syltynn, sitat: «Bl.a. fordi Kirkemøtet er samansatt av de valgte bispedømmerådene, foreslår departementet at bispedømmerådet fortsatt skal være lovfestet organ», sitat slutt. Det må då finnast andre måtar, like gode og like demokratiske, å velje eit kyrkjemøte på.

Etter vår oppfatning ser det ut til at departementet legg til grunn at Kyrkja sjølv må finne løysingar på dette med felles arbeidsgjevaransvar gjennom endringar av organisasjonsstrukturen. Difor vil det òg etter vårt syn vere feil å lovfeste bispedømerådet som eige organ då dette vil vere avgrensande i høve til kva strukturendringar Kyrkja seinare kan gjennomføre.

### **Trusopplæring**

Som tidlegare kommentert vert det i § 2 sagt at det skal vere presteteneste i kvart sokn. Det står derimot ingen ting om staten si plikt til å sikre trusopplæring for alle døypte. Gjennom trusopplæringsreforma har staten teke på seg å understøtte ei viktig og sentral kyrkjeleg

oppgåve. Staten sitt økonomiske ansvar for trusopplæringa må difor seiast meir tydeleg og forpliktande i §22.

### **Økonomi**

I høyringsnotatet vert det gjeve få tydelege signal om økonomi og det er uklart når det gjeld kva staten forpliktar seg til overfor Den norske kyrkja. Formål som kommunane er forplikta på er beskrive i § 14 i KL, men det vert ikkje gjort framlegg om noko likande når det gjeld kva staten har ansvar for eller forpliktar seg til i forhold til kyrkja.

Eit anna stort økonomisk område som heilt klart kan gje grunn til uro er framtidig pensjonsordning. Bremanger kyrkjeleg fellesråd støtter KA sine bekymringar på dette området.

Bremanger kyrkjeleg fellesråd ser det som sjølvstakt at Opplysningsvesenets fond vert overført til Den norske kyrkja, uavhengig av kva andre midlar ein får tildelt.

Høyringsuttalen vart vedteken samrøystes.

For Bremanger kyrkjeleg fellesråd

Knut Arne Vadøy  
-kyrkjeverje-